

Referat årsmøte i UL Sambygdingen

Måndag 22. januar 2024

Frammøtte: 14 stk

Punkt 0: Innkalling til årsmøtet – Godkjend.

Punkt 1: Styret la fram årsmelding og revidert rekneskap.
Ligg tilgjengeleg på heimesida til ungdomslaget.

Punkt 2: Årsmøtet vel ordstyrar. Styret foreslår Ivar Kvamme, og han vart vald.

Punkt 3: Referent: Mailin Bergås Hatten

Punkt 4: Årsmøtet handsamar forslag til avstemmingsreglar.
Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner framlagt forslag til avstemmingsreglar.
Forslaget vart einstemmig vedtatt.
Ref til paragraf --- medlemmar med stemmerett: over 15 år

Punkt 5: kommentarar til årsmeldinga:

Det vil truleg kosta rundt 500.000 å ordna myra, så der har ikkje skjedd meir i den saka fram til no.

Myra er konstruert på ein spesiell måte, som må takast omsyn til ved utbetring. Manger IL skal ha utbetra ei tilsvarande myr. Det er foreslått å høyre korleis dei gjekk fram.

Styret fekk ros for å ha fått gong i ungdomslaget, og sett i gong med arrangement siste året.

Mogleg feiltrykk i rekneskapet, då det m.a. står utgifter på basar på ca 24.000, men der vart berre innkjøpt saft og kaffi. Økonomiansvarleg skal sjå gjennom om beløp er feilplassert. Inntekter og utgifter er gjennomgått og godkjend av revisorar, så sluttala er uansett rette.

Årsmelding vart godkjend utan fleire kommentarar.

Punkt 6: Arbeidsprogram og budsjett for 2024

Er å finna på heimesida. Arbeidsprogram og budsjett godkjent. I tillegg kom følgande innspel:

Innspel om 8.mai – Stort ønske om at ungdomslaget stiller ved bautaen i Kvamsvågen denne dagen. Arrangement i regi av Nordhordland Forsvarsforening. Program kjem på heimesida.

Det har vore trykt hefte om «Hermennene frå Alversund 1807-1814», og det kom forslag/ønske om at om me framleis har noko att av dei, kunne me tatt dei fram og seld t.d. på 8.mai.

8. mai er ein onsdag, så det kan verta utfordrande for styremedlemmar å stille. Forslag om at styret organiserer nokon til å stille for ungdomslaget. Styret tar kontakt med FAU vedr vedlikehald av bautasteinen i Alversund.

Spørsmål kom opp om huset kan stilla med servering. Dette har tidlegare vorte avvist, då det ikkje berre skal skaffast folk som vil gjera dette på dugnad, men også ha løyve hjå Mattilsynet, og har strenge reglar for det.

Det kom ønske om at det nye styret diskuterer om det er mogleg å stilla med servering ved ønske.

Ønske om at ungdomslaget startar med vedlikehald/blomar ved bautaen til 8. mai, i tillegg til 17. mai.

Dugnad til å rive det gamle taket.

Me treng folk til å vera med å riva det gamle taket, då me kan spara 25.000 på arbeidet som skal gjerast. Dette er vanskeleg å planlegge på førehand, då det er avhenging av véret, og når MAJO kan gjera resten av arbeidet.

Forslag om at det nye styret lagar ei arbeidsskildring av kva som treng gjerast, slik at det er tydeleg kor mange me treng, og kva ein kan bidra med.

Arrangement haust 2024

Innspel sist bygdekafé – det kunne fint vore på ein vekedag. Dette gjer at få eller ingen i styret kan laga til, men me kan gjerne hjelpa med innkjøp, om andre vil laga til.

Ønske om at fleire bygdefolk vil hjelpa å laga til bygdepub, bygdekafé m.m., då det no ofte er dei same få som går att kvar gong.

Nyhetsbrev frå heimesida

Ønske om at abonnering på nyhetsbrev på heimesida vert lettare å få til.

Budsjett for 2024

Det er ikkje budsjettert med tilskot.

Styret foreslo å auka utleigesatsane frå 1000 til 1500 kroner. Forslag frå årsmøtet om å auke utleigepriis for ikkje-medlemmar til kr 2000 eller 2500 pr døgn.

Fleirtal for å auke til kr 2000 pr døgn for ikkje-medlemmar.

Punkt 7a – inkomne saker

Forslag om endring av vedtekter eller instruks for styret:

Nytt punkt 3.2.2.1: Laget si målform er nynorsk, som skal nyttast mest mogeleg, og alltid i offisielle dokument som protokollar, årsmeldingar, vedtekter, instruksar og nettsider, inkludert sosiale media.

Nytt punkt

Vurderinga til styret:

Styret er positiv til meir utbreid bruk av nynorsk. Me er likevel bekymra for at å påleggja bruk av nynorsk i alle offisielle dokument kan føra til at ein del vegrar seg for å ta verv, fordi ein ikkje meistarar nynorsk. Det er allereie utfordrande å fylla alle verv, og me er redd eit slik pålegg vil forverra denne situasjonen. Drifta av laget bør prioriterast framfor målform.

Forslag til vedtak: Vedtekter og instruksar skal vera på nynorsk. Andre offisielle dokument bør vera på nynorsk.

Styret sitt forslag einstemmig vedtatt.

Punkt 7b – Framlegg til endring av vedtekter for U.L. Sambygdingen

§ 1 – Føremål

§ 2 – Medlemskap

§ 3 Styring

3.1.1. Årsmøtet

a) Innkalling – forslag om å bruke epost.

Endre teksten, stryka «lokalpresse, oppslag», heller skrive «epost, sosiale media, heimesida til ungdomslaget»

3.1.2.

Ingen endringar, berre lagt til ei linje som hadde falt ut i innkallinga

3.1.3.

Forslag om å endra «ekstraordinært/omframnt årsmøte» til «lagsmøte», evt å fjerna bruk av «lagsmøte» i organisasjonskartet, og berre nytta «ekstraordinært/omframnt årsmøte».

Vedtatt å behalda ekstraordinært årsmøte. Lagsmøte har da ingen formel funksjon lenger og vil bli tatt ut av vedtektene.

3.3. Røysterett

1. Alle som har betalt årspengar, og som har vore medlemar i laget dei siste 3 mnd, har røysterett. Alle i ein hustand (bur saman) som har familimedleskap har stemmerett på årsmøte. Dei må møta personleg, og minimum ha vore medlem i 3 månadar. J.fr.

§ 4 Trygging av eiga

a) Styret kan gje løyve til bruk av eigendelane til laget til medverknad i andre lovlege aktivitetar. Eigendelane til laget kan ikkje nyttast til personleg vinning.

b) Ungdomshuset, anna fast lagseige, og delar i fast eigedom må ikkje avhendast utan godkjenning frå årsmøtet, med 2/3 fleirtal, og stadfestast med 2/3 fleirtal på ekstraordinært årsmøte, som skal haldast 2 mnd seinare.

§5 Endring av vedtektene

Endring av §1 – Føremål: Ingen endring

§6 Oppløysing

Årsmøtet ber oppmodar styret om å laga forslag om kva som skal skje med eigedom og eigedelane til ungdomslaget, om det skulle verta oppløyst.

Avgjere på neste årsmøte.

Særlege endringar:

Organisasjonskart for ungdomslaget

Fjerna «lagsmøte»

Fjerna «intern» og «ekstern» nemnd, erstatta med Arrangementsnemnd.

Under Arrangementsnemnda ligg Bygdepub, Bygdekafé/Kurs&Kultur, 17. mai og Basar&Loppemarked.

Fjerna avisnemnda, erstatta med WEB

d) Løyvingar på over kr 30.000 som ikkje er i samsvar med det godkjende budsjettet, skal godkjennast av ekstraordinært årsmøte.

e) Mottatte tilskot som er øyremerkta, skal brukast i samsvar med vilkår, utan godkjenning frå ekstraordinært årsmøte.

Instruks for valnemnda er ny.

Den er godkjend.

SAK C – Ønske om å kjøpa ein teig i enden av myra. Eigedom 4631-144/14

Årsmøtet vedtek å utsetje saka til neste årsmøte.

Årsmøtet signaliserer at ein prinsipielt er imot å selja delar av eigedomen.

Årsmøtet ønskjer at styret vil nytta det kommande året til å utreie saka.

b) Årsmøtet ønskjer at styret utgreier eigedomsforholda på eigedomane vest for fylkesvegane.

SAK 8 – val

Styre

Leiar: Jan Magne Fosse – leiar 1 år

Nestleiar: Mailin Bergås Hatten – et år igjen

Kasserar: Trond Mathiassen Litleskare – et år igjen

Øvrige styremedlemmar

Eirik Aasen Fosse – 2 år

Thomas Sandvik – 1 år igjen

Mette Hjelvin – 2 år (Ny)

Varamedlem for eit år:

Kjersti Mathiassen Litleskare

Øystein Johansen

Tore Vegard Fosse

Husstyret for eit år

Ny Even Løtveit Fosse

Ny Malin Fyllingsnes

Ny Daniel Løtveit Fosse

Basar komité for eit år

Kjersti Mathiassen Litleskare

Christina Løtveit Fosse

Trude Isdal Fosse

Linda Kvamme

17. mai komité for eit år

Ny Marit Solheim

Astrid Brakstad (Men er vekke på sjølve dagen)

Bygdepub for eit år

Ny Tore Vegard Fosse

Ny Sølve Bergås

Ny Rebecca Fosse

Bygdekafe for eit år

Ny Unni Hatten

Revisor

Ny Astrid Myklebust (2 år)

Petter Hogne Fosse (1 år igjen)

Forslag om at dei som melder seg til nemnder må få vera med og bestemma datoar for arrangement.

For valnemnda var det mange plassar å fylla i nemndene, ønska eitt medlem til i valnemnda.


Mailin Bergås Hatten
Nestleiar styre/Referent


Jan Magne Fosse
Styreleiar